



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Kommunane i Møre og Romsdal

Dato: 04.11.2015

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 HMøre og Romsdal tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Informasjonsbrev – bygging av turstiar og turvegar og offentleg handsaming

2015 er friluftslivets år. Då skjer det mykje spanande i norsk natur for både store og små. Det kanskje mest bærande elementet i norsk friluftsliv og oppskrifta på suksess, er stien/turvegen og sosiale møteplassar knytt til dette. Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) vil innleiingsvis berømme kommunane i fylket som grip tak i temaet folkehelse og friluftsliv ved sitt arbeide. Samstundes vil FNF be kommunane om å ta med i si vurdering at naturopplevinga til turgåarane ikkje må gå ut over naturen dei vil oppleve.

Vi i dei grøne organisasjonane ser at det kan vere ei utfordring og forstå korleis ein skal ha reale prosessar knytt til bygging av tursti/turveg og korleis ein skal forhalde seg til rettighetshavarar/lovverk/offentleg forvaltning. Vi ønskjer difor med dette å tilskrive kommunane der vi orienterer om korleis dei grøne organisasjonane meiner ein må føre seg til enkle tilretteleggingar for friluftsliv.

Det blir bygd turstiar/-vegar mange stader. Folkehelse blir ofte bruka som argumentasjon. Tiltaka er jo allmennnyttig og vel og bra, men nokre av dei har også ei kostnadsside. Naturomsyn er ein faktor som ofte blir gløymt, eller kjem så seint inn at det er for seint. Vi veit jo alle at det viktigaste i ein prosess er å; VERE TYDELIG OG TIDLEG. Det bør vere automatikk at også naturens interesser blir teke fram heilt i starten av ein prosessen og at denne interessa blir vekta ovanfor andre interesser.

Når det gjeld å tale den svakes sak (ombodsfunksjonen) er mykje av dette innbakt i lovverket vårt. Men det er bare barnas sine rettar som er omtala spesielt og med eigen stilling i

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

kommunane, nemleg barnerepresentanten. Vi vil her minne om at vi alle må vere ombodsmenn for naturen, for den kan jo ikkje tale sin eigen sak. Det er no også ein gong slik at det er ikkje så mange av oss som vil ta vare på naturen som dei som vil byggje den ned, så vi vonar kommunane tek nødvendig omsyn til dette.

I tillegg til naturomsyn er det også viktig at det framleis er igjen humpete turstiar som folk kan nytte seg av. Viss dei gamle turstiane blir nedbygde, så blir faktisk tilbodet redusert. Humpete turstiar fører til at ein tar tusen forskjellige steg, ein slett tursti fører til at ein tar tusen like steg. For muskel- og skjelettlidingar er det ein stor forskjell, der ein del blir friske av å gå på ein humpete tursti, og sjuk av å gå på slett veg.

Organisasjonane i FNF kan ha litt ulikt syn på tilrettelegging med stiar og turvegar, men vi har eit likt syn på rammene og prosessen. Vi har vald og sette ned desse som punkt;

1. Ein tursti i naturen føreset at det er plass til naturen også etter at turstien er tatt i bruk. Dvs. at ein skal ta omsyn til naturverdiar når ein vel seg ut område for turstiar. Vurderingar etter **naturmangfaldlova** skal gjerast på eit tidleg tidspunkt, og følgje saka vidare, både når det gjeld søknad om spelemidlar og i kommunal sakshandsaming. Det er i dag ein del data knytt til natur- og friluftsverdiar som er tilgjengeleg i Naturbase (sjå under www.Gislink.no).
2. Kravet til **universell utforming** er ikkje til hinder for at eksisterande humpete stiar framleis skal få vere der slik dei er. Det er mykje folkehelse i godt opparbeidde turvegar ja, men ryggpasientar (og fotballsparkarar) treng ujamnt underlag for eit betre liv. Der er ofte plass til baa typer tilretteleggingar om ein berre planlegg godt. Humpete stiar kan også vere utvikling og bevaring av koordineringsevna. For barn er dette viktig som ein del av den motoriske utviklinga og for ikkje minst eldre er dette viktig for å oppretthalde ein god beinstyrke og ein god balanse lengst mogleg.
3. Det er sikkert velmeinande å nemne **tilgjengelegheit for alle** i saker der ein ønskjer bygd turvegar. Men diverre ser vi ein tendens til at utbyggjarane skuv dei handicappa framfor seg. Også vi unner rullestolbrukarar til dømes utsikt og oppleving, men ikkje overalt og alltid. Vi trur handicapforbundet har heilt andre utfordringar i det daglege offentlege rom (les ferje, offentlege kontor og liknande) med å gjere Norge tilgjengeleg, og trur ikkje at dei ofrar urørt natur i tilgjengelegheitas teneste.
4. Bygging av stiar over **våte parti** som myrer og liknande er ei utfordring. Vi ser stadig uheldig døme på at uttrauing av massar fører til mykje skade på naturen. Tilrettelegging t.d. i våte parti må gjerast på ein slik måte at ein ikkje drar på seg eit ureiningsproblem og uttørring av myrer om nokre år. Vår erfaring er at utlegging av steinar/trekonstruksjonar eller oppbygging ved duk/massar der vatnet renn gjennom, er ei betre løysing enn uttrauing. Det er difor her viktig at dei rette entrepenørane som kan dei mest naturvenlege metodane får sleppe til, bulldozer og bakkeplanering høyrer fortida til.
5. Det er meir miljøvenleg å lage **turstiar der folk bur**, såkalla nærmiljøanlegg, enn stader der mesteparten av turfolket må køyre bil til. Den ideelle turstien/turvegen

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no



- startar du med utgangspunkt frå di eiga dør. Nokre kommunar har til og med sett seg mål om eks maks 500 meter til nærmaste tursti/turveg. Den viktigaste målgruppa for folkehelsa er å få dei som ikkje er aktive i det heile tatt til å bli litt aktive ved tilrettelegging like ved bustaden. Ein form for drahjelp.
6. Om vi må køyre til den staden ein vil gå, treng vi ein stad å setje frå seg bilen (**P-plass**). Mange eksisterande tilbod er lite bruka som følgje av at det er uklart om ein kan få sett frå seg sykkel eller bil der stien startar. Ein del stader er det utfordringar med til dømes villparkering på innmark, og ulempene dette medfører for grunneigarar. Tidleg involvering av grunneigarar ved planlegging av turstiar/p-plass kan sikkert løyse mange av konfliktane her. I staden for å bruke mykje pengar på ein ny turveg, vil ein ofte oppnå same effekt om ein får laga til avkøyring/parkeringslomme med ein liten P som markerar at det er greitt å parkere på ein stad der det alt er mogleg å gå frå. Kommunane blir oppfordra til å sette opp eit parkeringsskilt på alle offentlege turparkeringsplassar
 7. Vi ser ikkje for seg **kunstig lyssetting** av turløyper ute i ikkje-urbane strøk. Lys kan også vere ei form forureining, og mørk nattehimmel kan i seg sjølv vere ei rik og god naturoppleving som ein ikkje kan få inne i busetnaden. På lik line som inngrepsfrie område kan ein sjå for seg også lysfrie (og støyfrie) områder.
 8. Dei mest suksessfulle etablering av offentleg tursti og –veg er **rundløypene**. Våre erfaringer tilseiar at rundløypene overstyrer menneskja psykisk og gjer andre faktorar som til dømes ulik tilretteleggingsgrad underordna. Det viktigast er at det er ei rundløype.
 9. Stiføringa er vesentleg for **turopplevinga**. Det er viktig at turvegane blir lagt i passe avstand til naturelementa som til dømes eit vatn; så langt frå at vatnet og stranda framleis har full sjølvstendig verdi, og så nært at ein har kontakt med vatnet. All vår erfaring tilseier at verdien av ein turveg er høgast der det er mest mogleg stille med ikkje nødvendigvis berre natur, men eit levande kulturlandskap. Vi vil minne om at naturopplevinga ikkje vert større jo meir ein tilretteleggar og at naturopplevinga til turgåarane ikkje må gå ut over naturen dei vil oppleve.
 10. Turstiar langs med vatn, vassdrag og sjø er ofte dei mest attraktive. Dei såkalla **kyststiane** brer om seg og er kjempepopulære. Naust og andre driftsbygningar knytt til primærnæringa, er ofte attraktive som turmål og som oppleving generelt og det bør difor leggest til rette for at turvegen leggest bort til slike opplevingselement. Det er jfr friluftsløva ikkje «private rekreasjonsområde» rundt naust og på ubebygde delar i utmark, og dette er også umogleg og praktisere for ålmenta. Hytter har ei privat sone (innmark/tun) rundt seg. Slikt sett er det å anbefale og leggje stien nær sjø der det berre er naust og ikkje hytter, om det ikkje er andre omsyn som må ivaretakast.
 11. **Storleiken på tursti/turveg** er ofte styrande for inngrepets omfang. I avveginga av om ein skal byggje ein turveg med 1,5 meters eller 3 meters breidde eller ein tursti på 0,5 meter, er den viktigaste avveginga kost-nytte-vurderingar av forventa bruk av stien og naturinngrepet.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

12. Det bør på en enkelte turvegar seiast om ein legg til rette for **hest** eller ikkje. Dette knytt til både potensielle kryssande brukarinteresser og eventuelle skader som vil oppstår på turvegen om ikkje turvegen er dimensjonert for hest. Ein bør også ta høgde for **syklistar** og potensielle kryssande brukarinteresser med vanleg turgåarar.
13. **Finansiering av turstiane og turvegane.** Det er mange måtar og finansiere bygginga på, frå kronerulling til dugnad til offentlege tilskot. Ein eigen pott er av staten sett av (spelemidlane) til bygging av turstiar/turvegar (såkalla friluftslivsanlegg). Det fine med spelemiddelordninga er at det er forutsigeleg finansiering samstundes som ein får mykje med samstundes av det andre, som må til i denne søknadsprosessen.

Helsing

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal Idrettskrets